

LINDÅS KULTURRÅD

Til
Lindås kommune
Kulturkontoret
v/ Eileen Feste

02. feb 2017

Uttale frå Lindås kulturråd på «Ramme for tildeling av kulturmidlar 2017, framlegg frå rådmannen»


Lindås Kulturråd er nøgd med at ramma for tildeling har auka. Dette er i trå med politiske lovnadar og prioriteringar. Framleis meiner Lindås kulturråd at kommunen si prioritering til kultur, herunder til born og ungdom, er altfor låg. Det ein legg inn som innsats i tidlege barneår vil gje stor samfunnsmessig gevinst på sikt. Støtte og tilrettelegging av frivillige aktivitetar krev ofte økonomisk investering og støtte i langt større grad enn det tildelte kulturmidlar kan dekke.


Kommentarar/ synspunkt frå Lindås kulturråd:

1. Lindås kulturråd har eit ønskje om at summene innan dei ymse kategoriene blir tatt opp til vurdering. Det er lett å bruke erfaringar frå år til år utan at ein tenkjer over kvifor summene er slik dei er.
2. Lindås kulturråd gjer merksam på at det er brukt «kunstformidling og musikk» i kategori nummer 2. Vi meiner det skal stå «kulturformidling og musikk».
3. I prosafeltet har vi forslag om å endre setning nr 2 i første avsnitt:
 - Der det står – «Gjennom støtte til det lokale kulturliv.....» bør dette endrast til «Gjennom støtte til det lokale kultur-, idrett- og friluftsliv ønskjer Lindås kommune å stimulere til utvikling av nye idear, samarbeid og aktivitet. Gjennom eit mangfald skal alle ha høve til å oppleve godt tilrettelagte opplevingar.»
4. Lindås kulturråd oppmoder kulturkontoret til å ta ein gjennomgang av kategoriene for å få kategoriene til å synleggjere kor mykje som tildelast born og ungdom. Å ha ein kategori for born og ungdom samtidig som mange lag har aktivitet for born og ungdom i mange andre kategoriar er misvisande. Born og ungdom er eit prioritert område og då er det viktig at akkurat denne gruppa vert synleggjort på ein realistisk måte.

Lindås Kulturråd stiller seg til disposisjon og ser fram til eit godt samarbeid i samband med debatten kring fordeling av kulturmidlar.

På vegne av styret i Lindås kulturråd


.....
Einar Vatne
Styreleiar


.....
Per Ole Ekker
Sekretær